




### Oppgåve 1

I finalen i ein matematikkonkurransen er det fire oppgåver, som kvar omhandlar eitt av temaa  $A$ ,  $G$ ,  $K$  og  $T$ . Alle dei fire temaa er representerte. Andrea veddar på at ho klarar å gisse rekkjefølgja på temaa før konkurransen vert halden, og Beate veddar imot. Dei blir einige om at Beate skal spandere  $n$  isar på Andrea dersom Andrea gissar rett, i bytte mot at Andrea skal spandere éin is på Beate dersom Andrea gissar feil. Kva er  $n$  dersom dette er eit rettferdig spel?

### Oppgåve 2

Kor stort er arealet av figuren? (Merk at vinklar og forhold mellom sidelengder ikkje er korrekte i figuren! Du har berre måltala å halde deg til.)



### Oppgåve 3


Kva er minste verdi av  $a + b$ , der  $a$  og  $b$  er positive heiltal med  $2021 + a^2 = b^2$ ?

### Oppgåve 4

Kor mange tredjegradspolynom  $P$  finst det som er slik at alle koeffisientar er heiltal større enn 0 og mindre enn 1000, og  $P(-1) = P(-2) = P(-3) = 0$ ?

### Oppgåve 5

Alle hjørna i ein kube ligg på overflata av ei kule med radius  $2^{2/3} \cdot 3^{3/2}$ . Eit oktaeder har sine hjørne i dei seks sentra på sidene til kuban. Kva er volumet av oktaederet?



### Oppgåve 6

På kor mange vis kan du fargelegge alle dei kvite rutene i eit  $4 \times 4$  sjakkbrett med rødt, grønt og blått, slik at to ruter som har eit felles hjørne får forskjellig farge?



### Oppgåve 7

Kor mange løysingar har likninga

$$\tan(x) \sin(38^\circ) = \sin(52^\circ)$$

med  $2020 \leq x \leq 4040$ , der  $x$  er oppgitt i gradar?

### Oppgåve 8

Kva er det største heiltalet  $N < 1000$  slik at  $N$  har nøyaktig fire divisorar, medan  $N + 1$  har eit odde tal divisorar? Ein divisor til  $N$  er eit heiltal  $d$  med  $1 \leq d \leq N$  som deler  $N$ .

### Oppgåve 9

Kva er den største moglege verdien av  $\frac{1}{2}(a + b)$ , der  $a$  og  $b$  er positive heiltal slik at  $(a + b)^2 = 2020a$ ?

### Oppgåve 10

Positive heiltal  $n_2, n_3, n_4, \dots, n_{2020}$  er slik at

$$2^{n_2} + 3^{n_3} + 4^{n_4} + \dots + 2020^{n_{2020}} \leq \frac{2020 \cdot 2021}{2} + 47.$$

Kor mange forskjellige verdier kan  $n_2 + n_3 + n_4 + \dots + n_{2020}$  ha?